



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesutvalet**

Møtedato: 25.11.2015

Sak nr.: 15/9507-3
Internt I.nr. 51527/15

Sak: 114/15

Tittel: **Program for konsekvensutgreiing av Skarfjell-feltet - høyningsfråsegn**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til utgreiingsprogram, supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål vil bli handtert på ein tilfredsstillande måte. Spørsmål om samfunnsmessige verknader er derimot lite utførleg handsama i framlegget, og fylkeskommunen vil konsentrere fråsegna rundt dette gjennom følgjande kommentarar.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune etterlyser ei grundig drøfting av samfunnsmessige ringverknader i konsekvensutgreiinga. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket.
2. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Det er positivt at dette er basisalternativ ved ei sjølvstendig utbygging. Arbeidet må ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Vi ber om tidleg involvering av regionalt nettselskap som gjorde eit grundig arbeid i samband med planar for Gjøautbygginga.
3. Lokalisering av driftsorganisasjon er eit viktig verkemiddel for å få til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at operatøren greier ut korleis ein driftsorganisasjon i Florø kan utviklast.
4. Florø har tilgjengeleg infrastruktur og lang erfaring som forsynings- og helikopterbase og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Florø ligg svært sentralt plassert i høve Skarfjell. Eksisterande forsynings- og helikopterruter mellom Florø og Gjøa tilseier at det bør ligge sjeldan godt til rette for effektive samarbeidsløysingar.
5. Vi ber også om at operatøren greier ut korleis det best kan leggast til rette for involvering av leverandørindustrien i fylket.
6. Det er naturleg at vi er aktive bidragsytarar på fleire av dei punkt som her er nemnde. I samband med planar for utbygging og drift av Knarrfeltet (tidlegare Jordbærfeltet) utarbeidde vi eit regionalt bidrag til arbeid med lokaliseringsstudie, og vi erfarte ei inkluderande haldning frå operatørselskapet. Vi ber om at det vert lagt til rette for ein

open og konstruktiv dialog, slik at vi er trygge på at tilsvarande og oppdatert kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i den vidare prosessen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønsker å ta rolla som regionalt kontaktpunkt i forhold til dette.